



Sunnfjord
kommune

Vurdering av strukturtiltak

Barnehage på Flatene – bruke Flatene skule som barnehage



Innhold

| | |
|--|-----------|
| Tiltak 6 barnehage: Barnehage på Flatene..... | 3 |
| Beskriving av tiltak | 3 |
| Situasjonsplan Flatene: | 5 |
| Demografi..... | 5 |
| Kapasitet | 6 |
| Eksempel med utbygging på Slåtten og bruk av Flaten skule: | 6 |
| Konsekvensar | 8 |
| Økonomisk effekt..... | 8 |
| Konsekvensar for barna: | 8 |
| Konsekvensar for tilsette | 9 |
| Konsekvensar for lokalsamfunnet..... | 9 |
| Andre konsekvensar..... | 9 |
| Effekt- og konsekvensmatrise | 10 |
| Konklusjon | 11 |

Tiltak 6 barnehage: Barnehage på Flatene

Start | 20.06.2027

Slutt | 15.08.2028

Beskriving av tiltak

Tiltaket handlar om å ta i bruk Flatene skule som barnehagebygg for å erstatte andre barnehagar i Førde sentrum. I tiltaket blir det sett på kor mange avdelingar ein kan lage til om ein vil nytte Flatene skule til barnehage.

Dette tiltaket må sjåast i samanheng med kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen og om tiltak 2. A Halbrend skule som 1.-7. skule blir vedteke, og er berre aktuelt dersom det blir gjort vedtak at ein ikkje driv skule på Flatene.

Barnehagar som blir vurdert å erstattast er i prioritert rekkefølge:

- Tusenfryd barnehage 3 avdelingar 2 med 9/18 og 1 med 12/24
- Hatlehaugen barnehage 3 avdelingar 9/18
- Vieåsen barnehage 4 avdelingar 9/18
- Solsida barnehage avdeling Haugum 3 avdelingar 9/18
- Slåttebakkane barnehage 3 avdelingar 9/18
- Halbrend barnehage 4 avdelingar 9/18
- Ytre Hafstad 9/18 eller 12/24

Tusenfryd, Hatlehaugen og Vieåsen barnehagar har den eldste bygningsmassen og har ikkje blitt renoveret sidan dei blei oppført. Det vil krevje større investeringar i renovering og tilbygg for å stette dagens krav til barnehageføremål med gode fasilitetar for barn og tilsette.

Solsida barnehage avdeling Haugum er renovert i nyare tid, men manglar nokre fasilitetar for tilsette spesielt. Barnehagen er plassert i ytterkant i sentrumskjerna av Førde.

Slåttebakkane barnehage er renovert i nyare tid, men manglar nokre fasilitetar for tilsette. Barnehagen er bygd over to plan og er ikkje universelt utforma innvendig. I tillegg er barnehagen bygd inn i terrenget som fører til at uteområdet består av bakke mellom plan 0 og 1. Uteområdet kan ikkje kompensere for manglande universell utforming innvendig i bygget.

Halbrend barnehage er renovert to gongar med nye kontor og arbeidsplassar i nyare tid. Bygget ber preg av å vere påbygd i fleire etappar og det er lite eigna soveplassar for barn knytt til småbarnsavdelinga.

Alle tomtene har potensiale til å bli nytta til anna føremål enn barnehage.

Per i dag er det tilstrekkeleg kapasitet i Førde sentrum i eksisterande kommunale og private barnehagar. Kapasitetsutfordringa er ikkje drivar for å bygge ny barnehage. Det som må vurderast i tiltaket er om ein kan bruke Flatene barneskule som ein større barnehage for å erstatte eksisterande barnehagebygg. Det kan gjerast i staden for, eller i tillegg til å bygge ut ny barnehage på Slåtten. Då vil ein kunne erstatte fleire barnehagebygg.

Tiltaket blir lagt fram med tre ulike alternativ:

- Ta i bruk Flatene skule med 6 avdelingar i tillegg til utbygging på Slåtten
- Ta i bruk Flatene skule med 6 avdelingar i staden for utbygging
- Ta i bruk Flatene skule med 8 avdelingar eller meir


Flatene skule:

Bygget har god byggteknisk standard, store delar av vindauge og dører har blitt utskifta. Det er bytta lysarmatur til LED-belysning og investert i nytt bergvarmepumpesystem.

Flatene skule har ei stor og god tomt som enkelt kan tilpassast til bruk som barnehage. Bygget har eit stort og godt administrasjonsbygg med arbeidsplassar for pedagogar, samt gode personalrom og møterom.

Som skulebygg har Flatene ei unik bygningsmasse ved at kvart klassetrinn har ein base, med klasserom, SFO-del og gode garderobar. Noko som gjer kvar base godt eigna til barnehageavdelingar. I tillegg har skulen gymsal og ekstra base som inneheld møterom og kjøkken som gjer at det er svært gode moglegheiter for å dele i grupper der ein har tilgang på ulike aktivitetar i ulike rom.


Situasjonsplan Flatene:



Demografi

Framskrivningane av barnetalet i Sunnfjord kommune i aldersgruppa 1-5 år har ei negativ utvikling fram mot 2050, jf. kunnskapsgrunnlaget for kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen.

Framskriving av tal fødde for heile Sunnfjord kommune fram til 2050 syner at det er i gjennomsnitt blir født 227 per år.



Graf x syner oversikt framskriving av tal fødde i perioden 2024-2050.

Kapasitet

Det er tatt utgangspunkt i at ein skal ha forsvarleg pedagogisk drift ut frå korleis barnehagane driftar i dag. Vidare er det tenkt av vi har lagt ned ein barnehage i 2025.

Eksempel med utbygging på Slåtten og bruk av Flaten skule:

Eksempel 1:

4 avdelingar på Slåtten:

Ein 4 avdelings barnehage på Slåtten vil erstatte to barnehagar, føreset at alle avdelingar er bygde med 12/24 plassar. Om det blir bygd fire avdelingar med 9/18 plassar erstattar ein annan barnehage med 4 avdelingar eller 3 avdelings barnehage og 1 avdeling frå anna barnehage. Noko som gjer at vi vi ha eit nytt bygg som ikkje gjev særleg effekt på strukturen.

Med 4 avdelingar og 12/24 plassar på Slåtten kan vi erstatte to 3 avdelingsbarnehagar med dagens barnetal. td. Slåttebakkane og Hatlehaugen i tillegg til ei nedlegging i 2025. Vil dette eksempelet gjere at vi driv med tre færre bygg i Førde sentrum. Td. Tusenfryd, Slåttebakkane og Hatlehaugen.

Eksempel 2:

6 avdelingar på Slåtten:

Ein 6 avdelingsbarnehage vil erstatte to 3 avdelingsbarnehagar om dei er bygde med avdelingar 9/18. Td. Slåttebakkane, Hatlehaguen eller Haugum. Skal ein erstatte fleire må ein bygge med 12/24. Då får ein 36 plassar meir i bygget og kan erstatte td. Slåttebakkane, Hatlehaguen og Haugum med dagens barnetal.

I dette scenarioet driv vi med 4 færre bygg enn vi driv i dag føresett at vi legg ned ein barnehage i 2025.

Eksempel 3:

Flatene skule med 6 avdelingar i tillegg til bygging av 4 avdelingar på Slåtten:

Tek ein i bruk Flaten med 6 avdelingar og gruppestørrelse 12/24 vil den kunne erstatte to 4 avdelings barnehagar t.d.. Vieåsen og Halbrend. Dette er ei låg utnyttingsgrad av bygget på Flatene.

Ser ein dette eksempelet saman med bygging av ein 6 avdelings barnehage på Slåtten kan vi drive med 6 færre bygg enn vi har i dag. Bygger vi med 4 med 12/24 og tek i bruk Flatene så kan ei drive med 5 færre bygg.

Eksempel 4:

Flaten skule med 8 avdelingar med utbygging av 6 avdelingar på Slåtten:

Tek ein i bruk Flatene skule med 8 avdelingar og gruppestørrelse 12/24 vil den kunne erstatte 2,8 avdelingar meir enn eksempelet over. Det vil ikkje auke kapasiteten tilstrekkeleg til å erstatte ein barnehage, men ein kan redusere drift i to 4 avdelingsbarnehagar for å drifta med 3 avdelingar i staden for 4 slik at ein kan spare 1 årsverk leiingsressurs samla for to barnehagar. Td. Ytre Hafstad og Solsida Toene.

Ser ein dette eksempelet saman med bygging av ein 6 avdelings barnehage på Slåtten kan vi drive med 6 færre bygg enn vi har i dag. I tillegg endre driftsform i to barnehagar for å redusere årsverk vi brukar til leiing.

Eksempel 5:

Flatene skule med 6 avdelingar utan utbygging på Slåtten:

Tek ein i bruk Flatene skule med 6 avdelingar og 12/24 plassar utan at det blir bygd på Slåtten vil ein kunne erstatte tre 3 avdelingsbarnehagar t.d.. Slåttebakkane, Hatlehaguen og Haugum.

I dette eksempelet vil ein kunne drive med 4 færre bygg enn vi driv i dag, føresett at ein har lagt ned ein barnehage i 2025.

Eksempel 6:

Flatene skule med 8 avdelingar utan utbygging på Slåtten:

Tek ein i bruk Flatene skule med 8 avdelingar og 12/24 gruppstørrelse vil den kunne erstatte 10 avdelingar frå eksisterande barnehagar i dag. Td. Slåttebakkane, Haugum, Hatlehaugen og halve Halbrend med det barnetalet vi har i dag. Eller at ein reduserar drift i barnehagar for å redusere tal leiingsressursar som i eksempel 4.

I dette eksempelet vil vi kunne drive med 5 færre bygg enn vi driv i dag, og redusere tal årsverk til leiing.

Konsekvensar

Økonomisk effekt

Nokre tiltak vil ta tid å ta ut effekt av. Kanskje må det trappast opp år for år. Vurdering av effekt det året det blir starta, heilårseffekt (året etter), opptrapping av tiltak utover i planperioden eller nytt varig nivå etter tiltaket.

| | Budsjettår | Økonomiplanperiode | | | | |
|------------------------|------------|--------------------|------|------|------|------|
| | | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 |
| Forventa effekt | | | | | | x |

Konsekvensar for barna:

- Til fleire barnehagar som blir lagt ned til fleire barn har bruk for ny barnehageplass
- Ein premiss for å redusere konsekvensane for barna i barnehagar som blir lagt ned er at barna får søke om barnehageplass i ny barnehage før hovudopptaket for barnehageåret, og ein kan gje tilbode om å flytte saman med tilsette i gruppe til barnehagar som har ledig kapasitet.
- Barnehagetilbodet og innhald, grunnverdiar, regelverk, rammeplanen og overordna planar for Sunnfjord kommune er det same i alle kommunale barnehagar
- Tilrettelegging og støttesystem vil vere det same tilbodet i andre barnehagar, men ved å slå saman barnehagane er det lettare for leiing og støtte-tjenester å fordele sine ressursar der behovet er størst, og på den måten få best mogleg effekt ut av innsatsen med samanslåing. Fleire av barnehagane som er foreslått nedlagt har behov for større renovering i og tilbygg i nær framtid for å stette krava og ha gode fasilitetar både for barn og tilsette

Konsekvensar for tilsette

- Vi vurderer at konsekvensane samla sett for lokalsamfunna er minimale ved å gjennomføre tiltaket.
- Det kan ha ein større konsekvens for Haugumområde om Solsida barnehage avdeling Haugum blir lagt ned. Fleire minoritetsspråklege familiar er busett i område og nyttar nærbarnehagen i dag.
- Det er fleire andre barnehagar i same område til barnehagar som blir lagt ned.
- Vi legg til grunn at nedlegging av ein barnehage i sentrum får mindre konsekvens enn nedlegging av barnehage i grend/tettstad i distrikta. Lokalsamfunnet i Førde sentrum blir ikkje vesentleg råka av tiltaket.
- Bygget har store og gode administrasjons lokale med gode møterom som gjer bygget svært godt tilrettelagt for personalet med arbeidsrom, møterom og for samarbeid med støttesystem osv.
- Ved å slå saman barnehagane er det lettare for leiing og støtte-tjenester å fordele sine ressursar der behovet er størst, og på den måten få best mogleg effekt ut av innsatsen med samanslåing.
- Det blir mindre reise tid mellom barnhagar for støttetenester når ein har færre og større barnehagar.

Konsekvensar for lokalsamfunnet

- Vi vurderer at konsekvensane samla sett for lokalsamfunna er minimale ved å gjennomføre tiltaket.
- Det kan ha ein større konsekvens for Haugumområde om Solsida barnehage avdeling Haugum blir lagt ned. Fleire minoritetsspråklege familiar er busett i område og nyttar nærbarnehagen i dag.
- Det er fleire andre barnehagar i same område til barnehagar som blir lagt ned.
- Vi legg til grunn at nedlegging av ein barnehage i sentrum får mindre konsekvens enn nedlegging av barnehage i grend/tettstad i distrikta. Lokalsamfunnet i Førde sentrum blir ikkje vesentleg råka av tiltaket.

Andre konsekvensar

- Ei samanslåing kan føre til meir effektiv bruk av ressursar, både når det gjeld personalkapasitet og bygningsmasse.
- Det er fritt barnehageval og foreldre kan sjølv velge kva barnehage dei ønsker barnet skal fullføre barnehagetida i. Dersom foreldre vel ein privat barnehage kan det auke tilskot til private barnehagar.

- Flaten skule er eit unikt skulebygg, med store og gode SFO basar som gjer det egna som barnehagebygg med gode avdelingsrom. Kommunen eig bygget så å ta i bruk Flatene skule som barnehagebygg kan gje mange stordriftsfordelar
- Vidare har ein gymsal og andre spesialrom som kan nyttast til å dele opp mindre grupper.
- Ein kan drive barnehage på lik linje som ein driv barnehagar i andre nye bygg.

Effekt- og konsekvensmatrise

Her skal du vurdere av effekten av tiltaket sett opp i mot konsekvensen av tiltaket. Tiltak med låg konsekvens og høg effekt (grøne tiltak) bør gjennomførast før tiltak med høg konsekvens og låg effekt (raude tiltak).

| | | Effekt og konsekvens | | | | |
|------------|---|----------------------|----|----|----|-----|
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 |
| Konsekvens | 1 | 2 | 4 | 6 | 8 | 10 |
| | 2 | 3 | 6 | 9 | 12 | 15 |
| | 3 | 4 | 8 | 12 | 16 | 20 |
| | 4 | 5 | 10 | 15 | 20 | 25 |
| | | Effekt | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 |
| | | Låg | | | | Høg |

For effekt er 1 = veldig låg, 5 = veldig høg. For konsekvens er det motsatt. 1 = veldig høg, 5 = veldig låg.

| Effektverdi | Konsekvensverdi | Matriseverdi |
|-------------|-----------------|---------------------|
| (1-5) 5 | (1-5) 5 | (1-5) x (1-5) 25 |

Vurdering: Tiltaket er vurdert 25 og grønt. Det har stor økonomisk effekt og låg konsekvens.

Konklusjon

Om Flatene skule blir ledig som følge av strukturelle tiltak i Sunnfjordskulen kan Flatene vere eit godt alternativ for å drive ein større barnehage med stordriftsfordelar. Skal det vurderast å ta i bruk Flatene som barnehage, må den erstatte fleire eksisterande barnehagar i Førde sentrum.

Bygget er eit unikt skulebygg som er oppdelt i seksjonar med gode SFO basar som inneheld det meste av kva ei barnehageavdeling treng. Det vil vere behov for tilrettelegging av uteområdet slik at det er tilpassa barnehagedrift, i tillegg kan det vere behov for endringar og tilpassingar i delar av bygget for at det skal fungere optimalt som barnehage.

I skule sine utgreiingar av tiltak er det peika på trafikkutfordringar særleg for buss på vegen opp til Flatene. Barn som skal i barnehage blir i stor grad køyrt av foreldre, og talet barn i barnehage vil vere betydeleg lågare enn talet elevar som er knytt til Flatene skule i dag på grunn av areal kravet som er per barn.

Dette må det gjerast nærmare utgreiing på om bygget blir ledig, og det vil tidlegast kunne gje effekt i 2028.